



Julekonserten 2015 (Arkivfoto)

Årsstatistikken og årsmeldinga syner at det har vore stor aktivitet i kyrkja i 2015. Meldingane saman med rekneskapet vart lagt fram på årsmøte i Uskedal sokn på sundag.

Det er skipa til 23 gudstenester med til saman 1603 deltakarar. Gudstenesta på Skorpo og på Bygdetunet Rød er rekna med i talet.

Soknerådet, det gamle og det nye, har hatt 6 møte og gjort vedtak i saker som: Fordelinga av offergåver, liste over kyrkjevertar, frivilligliste, innstilling til ny sokneprest i Husnes – og Holmedal sokn og fordelt oppgaver i samband med Fasteaksjonen saman med konfirmantane.

Det er ikkje registrert utmeldingar av Den norske kyrkja i Uskedalen i 2015. Soknerådet skipa til eit vellukka konfirmantjubileum etter den same malen ein har brukt dei siste 10 åra. Mest alle i det nyvalde soknerådet møtte til kurskveld i Valen kyrkje, der ein særleg vart utfordra på å laga ein lokal visjon og handlingsplan for arbeidet i soknet.

Til slutt må vi ta med at 2015 har vore eit aktivt år med salmekveldar og konsertar. Særleg vil vi hugsa gospelkonsertane med FOCUS kvartett og med koret ABRAHAM frå Sandnes.

Soknerådet har alt laga plan for gudstenester, konsertar, temakveldar og tiltak i regi av trusopplæringsprogrammet for vårhalvåret 2016.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto/nett: Hans Ordin Østebø